



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato: 19.02.2026
Møtetid: 16:00 - -22:00
Møtestad: Lonevåg, Rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Synne Thunestvedt	Medlem	SV
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Helge Valestrand Edvardsdal	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Bjarte Hammer Aarland	Medlem	KRF
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Ruben Nielsen	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Johannes O Borge	Medlem	H
Aksel Mjøs	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Renathe Tangen	Medlem	V
Roy Husebø	Medlem	INP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Herdis Helle	MEDL	AP
Ann Helen Solberg	MEDL	FRP
Kim Andre Hartveit	MEDL	FRP
Sigmund Arve Faugstad	MEDL	FRP

Trygve Tønnessen	MEDL	FRP
Kurt Ove Øksnes	MEDL	FRP
Lars Fjeldstad	ORD	SP
Jarle Skeidsvoll	MEDL	KRF

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Kjellaug Hartveit		SP
Ingunn Vedå		FRP
Stian Torp		U
Kari Laurhammer Mjøs		KRF
Helge Olav Rolland		AP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Aleksander Bergli

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Tittel
PS 1/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/26	Godkjenning av møtebok 11.12.2025
RS 1/26	Protokoll 4-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 12. desember
RS 2/26	Protokoll frå Representantskap 2-2025 Region Nordhordland Helsehus IKS, fredag 12. desember
RS 3/26	Protokoll frå Representantskap 2-2025 Region Nordhordland IKS, fredag 12. desember
RS 4/26	Protokoll frå representantskapsmøte IKT Nordhordland 12.12.2025
RS 5/26	IUA Bergen region KO - Protokoll fra styremøte 2. desember 2025
RS 6/26	Signert protokoll styremøte Opro AS og innstilling til administrasjonen vedr framtidig organisering
RS 7/26	Beredskapsplan for oppvekst, undervisning og kultur
PS 3/26	1. gongs handsaming av detaljregulering - planID 46302024001 - Omsorg+ Hauge
PS 4/26	Handsaming av klager - Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003
PS 5/26	Framtidig organisering av arbeidsmarknadsverkemndene i Nordhordland som leverer tiltaka Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og arbeidsforberedande trening (AFT)
PS 6/26	Vanskeleg eller farleg skuleveg
PS 7/26	Justering av vedtekter for skulefritidsordninga
PS 8/26	Avslutte miljøfyrtårnsertifisering av kommunale bygg
PS 9/26	Språkprofil - Osterøy kommune
PS 10/26	Søknad om skjenke- og serveringsløyve - Eides kafe og handleri
PS 11/26	Alkoholsal i fjernbetent butikk

- PS 12/26** Utviding av IKTNH med tre nye kommunar
- PS 13/26** Suppleringsval av ungdomsråd for perioden 2026-2027
- PS 14/26** Val av settemedlemmer i samband med permisjon
- PS 15/26** Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

*Alexander Thunestvedt*Varaordfører

PS 1/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 1/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

Endringsforslag frå Johannes Borge (H) om å setje saka Rongved opp på saklista.

Endringsforslag frå Alexander Thusteveldt (Ap):

Den nye saka vert handsama som første politiske sak.

Votering:

Johannes Borge(H) sitt endringsforslag fekk 12 røyster(4H, V, Kari Mjøs (U), 4 Frp, Inp, Geir Olsen(AP) for og 12 røyster mot.

Endringsforslag frå Alexander Thusteveldt (Ap) vart samrøystes vedteke.

Innkalling og saksliste vart godkjende med dei endringsframlegga som er nemnde ovanfor.

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 1/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend med følgjande endringer:

- 1. Rongved saka vart sett opp på saklista**
- 2. Den nye saka vart handsama som første politiske sak.**

PS 2/26 Godkjenning av møtebok 11.12.2025

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 2/2026 Godkjenning av møtebok 11.12.2025:

Det var ingen merknader til møtebok.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 11.12.2025 vert godkjend.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 2/2026 Godkjenning av møtebok 11.12.2025:

Møtebok frå 11.12.2025 vart godkjend.

RS 1/26 Protokoll 4-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 12. desember

RS 2/26 Protokoll frå Representantskap 2-2025 Region Nordhordland Helsehus IKS, fredag 12. desember

RS 3/26 Protokoll frå Representantskap 2-2025 Region Nordhordland IKS, fredag 12. desember

RS 4/26 Protokoll frå representantskapsmøte IKT Nordhordland 12.12.2025

RS 5/26 IUA Bergen region KO - Protokoll fra styremøte 2. desember 2025

RS 6/26 Signert protokoll styremøte Opro AS og innstilling til administrasjonen vedr framtidig organisering

RS 7/26 Beredskapsplan for oppvekst, undervisning og kultur

PS 3/26 1. gongs handsaming av detaljregulering - planID 46302024001 - Omsorg+ Hauge

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 3/2026 1. gongs handsaming av detaljregulering - planID 46302024001 - Omsorg+ Hauge:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 03.02.2026

Forslag til reguleringsplan for Omsorg+ Hauge – planID 46302024001 med plankart datert 09.01.2026, føresegner datert 15.01.2026, planskildring datert 15.01.2026 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §12-10.

Votering:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 3/2026 1. gongs handsaming av detaljregulering - planID 46302024001 - Omsorg+ Hauge:

Forslag til reguleringsplan for Omsorg+ Hauge – planID 46302024001 med plankart datert 09.01.2026, føresegner datert 15.01.2026, planskiltring datert 15.01.206 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §12-10.

PS 4/26 Handsaming av klager - Øvre Klubbelia - PlanID
4630_2021003

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 4/2026 Handsaming av klager -
Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 03.02.2026:

«Osterøy kommune tek klage frå Statens vegvesen og Statsforvaltaren i Vestland journalført motteke høvesvis 29.10.25 og 20.11.25 til følgje. Vedtak om godkjenning av Reguleringsplan for Øvre Klubbelia, PlanID 4630_2021003, gjennom vedtak i Heradsstyret i Osterøy kommune av 18.09.25, sak 76/2025, blir oppheva.

Klage frå forslagsstillar ved brev journalført motteke 01.11.25 blir teke til etterretning.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering under.»

Framlegg til vedtak frå Stian Torp (Frp):

1. Osterøy heradsstyre tek ikkje klagene frå Statens vegvesen og Statsforvaltaren i Vestland til følgje.
2. Vedtak om godkjenning av Reguleringsplan for Øvre Klubbelia, PlanID 4630_2021003, fatta i sak 76/2025 den 18.09.25, blir oppretthalde slik det ligg føre.
3. Heradsstyret vurderer at dei påpeika forholda knytt til sakshandsaming ikkje kan seiast å ha vore avgjerande for vedtaket sitt innhald, jf. forvaltningslova § 41.
4. Saka blir oversendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg klagehandsaming.
5. Dersom det i vidare prosess blir kravd ny handsaming som følgje av forhold på kommunen si side, skal det ikkje krevjast nye plan- eller handsamingsgebyr frå forslagsstillar for denne delen av prosessen.

Grunngjeving:

Heradsstyret viser til at reguleringsplanen har vore gjennom ordinær planprosess og politisk handsama to gonger. Trafikktryggleik har vore eit sentralt tema i planarbeidet, og det er gjort vurderingar av trafikkauke og forholdsmessigheit mellom tiltak og prosjektet sitt omfang.

Heradsstyret legg til grunn at:

- Trafikkauken som følgje av 9+3 bueiningar er avgrensa.

- Krav om større vegutbetringar må vurderast opp mot prosjektet sin storleik og gjennomførbarheit.
- Dei planfaglege og politiske vurderingane ligg innanfor kommunen sitt frie skjønn etter plan- og bygningslova.

Når det gjeld dei påpeika sakshandsamingsforholda, vurderer heradsstyret at desse ikkje utan vidare kan seiast å ha vore bestemmende for vedtaket sitt innhald, jf. forvaltningslova § 41. Planen inneheld vurderingar av trafikktryggleik, og problemstillinga har vore kjent i den politiske handsaminga.

Heradsstyret meiner difor at det er rett å oppretthalde vedtaket og overlate til Statsforvaltaren å gjere endeleg vurdering av klagene.

Samtidig legg heradsstyret til grunn at forslagsstillar ikkje skal belastast med nye gebyr dersom vidare prosess heilt eller delvis skuldast forhold på kommunen si side.

Votering:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 03.02.2026 vart sett opp mot framlegg til vedtak frå Stian Torp (Frp).

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart vedteke med 19 røyster for og 5 røyster(4Frp, Inp) for framlegget til Stian Torp(Frp).

Merknad:

Heradsstyret var samrøystes i at det innkomne brevet/teksten frå søkjaren skal leggjast ved saka.

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 4/2026 Handsaming av klager - Øvre Klubbelia - PlanID 4630_2021003:

«Osterøy kommune tek klage frå Statens vegvesen og Statsforvaltaren i Vestland journalført motteke høvesvis 29.10.25 og 20.11.25 til følgje. Vedtak om godkjenning av Reguleringsplan for Øvre Klubbelia, PlanID 4630_2021003, gjennom vedtak i Heradsstyret i Osterøy kommune av 18.09.25, sak 76/2025, blir oppheva.

Klage frå forslagsstillar ved brev journalført motteke 01.11.25 blir teke til etterretning.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering under.»

PS 5/26 Framtidig organisering av arbeidsmarknadsverkemndene i Nordhordland som leverer tiltaka Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og arbeidsforberedande trening (AFT)

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 5/2026 Framtidig organisering av arbeidsmarknadsverkemndene i Nordhordland som leverer tiltaka Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og arbeidsforberedande trening (AFT):

Innstilling frå Formannskapet 11.02.2026:

1. Heradstyret tek rapporten Utgreiing av organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland til orientering.
2. Heradstyret sluttar seg til at fusjon (full samanslåing) vert lagt til grunn som vidare hovudretning for utvikling av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland, i tråd med tilråding frå arbeidsgruppa og styra i verksemdene.
3. Heradstyret legg til grunn at ei eventuell samanslåing skal skje stegvis og i tett dialog med NAV, eigarkommunane, verksemdene og dei tilsette.
4. Heradstyret føreset at lokal tilstedeværelse og aktivitet på Osterøy vert vidareført i ein eventuell samanslått organisasjon, slik at deltakarar i VTA og AFT framleis får tilbod med nærleik og kontinuitet.
5. Heradstyret føreset at tilsette vert sikra god medverknad og oppfølging i ein eventuell fusjonsprosess, og at det vert lagt vekt på open kommunikasjon, kulturbygging og trygge omstillingsprosessar.
6. Heradstyret ber administrasjonen og OPRO AS å arbeide vidare med avklaringar knytt til eigarmodell, organisering, økonomiske konsekvensar og framdrift, før endeleg sak om gjennomføring av fusjon vert lagt fram for politisk handsaming.
7. Heradstyret legg til grunn at eigarkommunane skal bidra til aktiv deltaking og tydeleg bruk av arbeidsmarknadsverksemdene i arbeidet mot utanforskap og personar som står utanfor arbeid. Omfang og form for slik deltaking skal samstundes vurderast løpande av den einskilde kommune, basert på lokale behov, prioriteringar, kostnader og tilgjengeleg budsjettdekning, og innanfor vedtekne økonomiske rammer og gjeldande regelverk.

Heradsstyret legg til grunn at Osterøy kommune sin eigarandel og del av stemmene i eit nytt aksjeselskap, minst skal svare til den forholdsmessige delen av verdiane (eigenkapitalen) Osterøy kommune tek med seg inn i det nye selskapet.

Punkt 5 i innstillinga vert endra til:

Heradstyret føreset at tilsette, brukarar og pårørande vert sikra god medverknad og oppfølging i ein eventuell fusjonsprosess, og at det vert lagt vekt på open kommunikasjon, kulturbygging og trygge omstillingsprosessar.

Tilleggsforslag frå Aksel Mjøs(H)

Heradsstyret bed om at ein engasjerar uavhengig kvalifisert rådgjevar til å gjennomgå risikoar i rekneskap og avtaleverk i dei selskapa som skal fusjonerast, samt rekna ut grunnlaget for eigarane sine eigarandelar i det nye fusjonerte selskapet.

Heradsstyret bed om at arbeidsgruppa kjem med konkrete talfesta mål om innsparingar og forbetringar som følge av fusjonen, samt at revisjonsoppdraget for det nye selskapet vert sett ut på anbod.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart vedteke med 19 røyster for og 5 røyster mot(Geir Olsen(Ap), Ingunn Vedå(Frp), Roy Husebø(Inp), Ruben Nilsen(Frp), Stian Torp(Frp)).

Tilleggsforslag frå Aksel Mjøs(H) vart vedteke med 23 røyster for og ei røyst mot(Geir Olsen(Ap)).

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 5/2026 Framtidig organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland som leverer tiltaka Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og arbeidsforberedande trening (AFT):

- 1. Heradstyret tek rapporten Utgreiing av organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland til orientering.**
- 2. Heradstyret sluttar seg til at fusjon (full samanslåing) vert lagt til grunn som vidare hovudretning for utvikling av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland, i tråd med tilråding frå arbeidsgruppa og styra i verksemdene.**
- 3. Heradstyret legg til grunn at ei eventuell samanslåing skal skje stegvis og i tett dialog med NAV, eigarkommunane, verksemdene og dei tilsette.**
- 4. Heradstyret føreset at lokal tilstedeværelse og aktivitet på Osterøy vert vidareført i ein eventuell samanslått organisasjon, slik at deltakarar i VTA og AFT framleis får tilbod med nærleik og kontinuitet.**
- 5. Heradstyret føreset at tilsette vert sikra god medverknad og oppfølging i ein eventuell fusjonsprosess, og at det vert lagt vekt på open kommunikasjon, kulturbygging og trygge omstillingsprosessar.**
- 6. Heradstyret ber administrasjonen og OPRO AS å arbeide vidare med avklaringar knytt til eigarmodell, organisering, økonomiske konsekvensar og framdrift, før endeleg sak om gjennomføring av fusjon vert lagt fram for politisk handsaming.**
- 7. Heradstyret legg til grunn at eigarkommunane skal bidra til aktiv deltaking og tydeleg bruk av arbeidsmarknadsverksemdene i arbeidet mot utanforskap og personar som står utanfor arbeid. Omfang og form for slik deltaking skal samstundes vurderast løpande av den einskilde kommune, basert på lokale behov, prioriteringar, kostnader og tilgjengeleg budsjettdekning, og innanfor vedtekne økonomiske rammer og gjeldande regelverk.**

Heradsstyret legg til grunn at Osterøy kommune sin eigarandel og del av stemmene i eit nytt aksjeselskap, minst skal svare til den forholdsmessige delen av verdiane (eigenkapitalen) Osterøy kommune tek med seg inn i det nye selskapet.

Punkt 5 i innstillinga vert endra til:

Heradstyret føreset at tilsette, brukarar og pårørande vert sikra god medverknad og oppfølging i ein eventuell fusjonsprosess, og at det vert lagt vekt på open kommunikasjon, kulturbygging og trygge omstillingsprosessar.

Heradsstyret bed om at ein engasjerar uavhengig kvalifisert rådgjevar til å gjennomgå risikoar i rekneskap og avtaleverk i dei selskapa som skal fusjonerast, samt rekna ut grunnlaget for eigarane sine eigarandelar i det nye fusjonerte selskapet.

Heradsstyret bed om at arbeidsgruppa kjem med konkrete talfesta mål om innsparingar og forbetringar som følge av fusjonen, samt at revisjonsoppdraget for det nye selskapet vert sett ut på anbod.

PS 6/26 Vanskeleg eller farleg skuleveg

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 6/2026 Vanskeleg eller farleg skuleveg:

Innstilling frå Levekårsutvalet 10.02.2026

Retningslinjene for vanskeleg og farleg skuleveg vert vedteke slik dei ligg føre. Den konkrete lista med vegnamn kan justerast ved behov basert på vedteke metodikk og prinsipp slik desse er skildra.

Elevråda får høve til å kome med innspel i forkant av årleg gjennomgang.

Endringsforslag frå Roy Husebø(Inp):

Vil ligge fram at man ikke diskriminerer mellom klassetrinn, da det kan være farlig uansett hvor gammel man er.

Dersom enkelte barn innvilges skoleskyss basert på avstand, sikkerhet eller andre belastende forhold, bør det vurderes om ordningen skal omfatte alle barn i tilsvarende situasjon. Likebehandling er et grunnleggende prinsipp i offentlig forvaltning, og ulik praksis kan oppleves som både urettferdig og diskriminerende.

Skoleskyss handler ikke kun om logistikk, men om barns rett til likeverdig tilgang til utdanning. Når noen barn får dekket transport av hensyn til trygghet, helse eller lang reisevei, anerkjenner man samtidig at disse faktorene påvirker barnets læringsforutsetninger. Dersom andre barn lever under sammenlignbare forhold, bør de gis samme rettigheter.

En universell eller mer helhetlig ordning vil bidra til forutsigbarhet for familier, redusere sosial ulikhet og sikre at barn ikke stilles forskjellig ut fra snevre eller tekniske vurderinger. Utdanning skal være reelt tilgjengelig for alle, og transport til skolen er en forutsetning for dette.

Endringsforslag frå Bjarte Aarland(Krf):

Alle elevråd får høve til å kome med innspel knytt til årleg gjennomgang.

Alle FAU får i den grad dei ikkje har fått høve, snarast råd høve til å kome med innspel til retningslinjene.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart vedteke med 21 røsyter for 3 røsyter mot(Helge Edvardsdal(Sp), Johannes Haugland(H), Sebastian Andre Haugland(Sp)).

Endringsforslag frå Roy Husebø(Inp) falt med 6 røyster for(Geir Olsen(Ap), Ingunn Vedå (Frp), Ragnar J. Tyssebotn(Frp), Roy Husebø(Inp) Ruben Nielsen(Frp), Stian Torp(Frp)) og 18 røsyter mot.

Endringsforslag frå Bjarte Aarland(Krf) vart vedteke med 23 røyster for og ei røyst mot(Roy Husebø(Inp)).

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 6/2026 Vanskeleg eller farleg skuleveg:

Retningslinjene for vanskeleg og farleg skuleveg vert vedteke slik dei ligg føre. Den konkrete lista med vegnamn kan justerast ved behov basert på vedteke metodikk og prinsipp slik desse er skildra.

Elevråda får høve til å kome med innspel i forkant av årleg gjennomgong.

Alle elevråd får høve til å kome med innspel knytt til årleg gjennomgang.

Alle FAU får i den grad dei ikkje har fått høve, snarast råd høve til å kome med innspel til retningslinjene.

PS 7/26 Justering av vedtekter for skulefritidsordninga

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 7/2026 Justering av vedtekter for skulefritidsordninga:

Innstilling frå Levekårsutvalet 10.02.2026:

Vedtektene vert vedteke slik dei ligg føre

Framlegg til vedtak frå Stian Torp(Frp):

SFO-tilbodet i feriar (sommarferie, haustferie og vinterferie) skal oppretthaldast ved den enkelte skule uavhengig av tal på påmelde barn, så lenge det er påmeldt minst eitt barn. Ordninga med å overføre barn til naboskule ved færre enn fem påmelde blir avvika.

Grunngjeving

For barn er føreseielegheit og tryggleik grunnleggande for trivsel og god utvikling. Å bli sendt til ein annan skule med ukjende vaksne og barn kan opplevast utrygt, særleg for dei yngste barna og for barn med særlege tryggleiksbehov.

Barn er ulike og har ulike behov for stabilitet og kjende rammer. SFO er ikkje berre eit tilsynstilbod, men ein viktig sosial arena der relasjonar til kjende vaksne og barn skaper tryggleik.

Av omsyn til barna sitt beste bør tilbodet difor oppretthaldast ved eigen skule, sjølv ved lågt barnetall.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart sett opp mot framlegg til vedtak frå Stian Torp(Frp)

Innstilling frå Levekårsutvalet vart vedteke med 19 røsyter for og 5 røsyter(4frp, Inp) for framlegg til vedtak frå Stian Torp(Frp)

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 7/2026 Justering av vedtekter for skulefritidsordninga:

Vedtektene vert vedteke slik dei ligg føre

PS 8/26 Avslutte miljøfyrtårnsertifisering av kommunale bygg

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 8/2026 Avslutte miljøfyrtårnsertifisering av kommunale bygg:

Innstilling frå Formannskapet 11.02.2026:

- 1.Osterøy kommune avsluttar Miljøfyrtårn-sertifiseringa når inneverande sertifiseringsperiode går ut.
- 2.Kommunen fører vidare arbeidet med klima- og miljøtiltak gjennom interne rutinar og eksisterande lovpålagde krav, utan ekstern sertifiseringsordning.
- 3.Innsparte midlar og frigjorde administrative ressursar blir nytta til prioriterte kjerneoppgåver i kommunen.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 8/2026 Avslutte miljøfyrtårnsertifisering av kommunale bygg:

- 1.Osterøy kommune avsluttar Miljøfyrtårn-sertifiseringa når inneverande sertifiseringsperiode går ut.**
- 2.Kommunen fører vidare arbeidet med klima- og miljøtiltak gjennom interne rutinar og eksisterande lovpålagde krav, utan ekstern sertifiseringsordning.**
- 3.Innsparte midlar og frigjorde administrative ressursar blir nytta til prioriterte kjerneoppgåver i kommunen.**

PS 9/26 Språkprofil - Osterøy kommune

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 9/2026 Språkprofil - Osterøy kommune:

Innstilling frå Formannskapet 11.02.2026:

Språkprofilen for Osterøy vert ikkje godkjent slik han ligg føre.

Språkprofilen skal visa til eit skriftspråk som speglar ostringen sin talemåte, med til dømes -a-endingar (å lesa), me (ikkje vi, sjølv om det er ei valfri form), skule (sjølv om skole er ei valfri form) og -j- (å leggja, å byggja).

I tillegg skal det koma fram kor lang tid ein ser føre seg at det tek å innføra profilen, og korleis kommunedirektøren skal følgja opp bruken.

Planen vert difor sendt tilbake for omarbeiding og revidering. Formannskapet ber òg om at administrasjonen gjev Mållaget høve til å koma med uttale før saka kjem opp att i Formannskapet.

Framlegg til vedtak frå Johannes O Borge(H):

Administrasjonens opprinnelige forslag til vedtak til formannskapet vedtas.

Tilleggsforslag frå Bjarte Aarland(Krf):

Språkprofilen vert lagt ut på høyring.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart sett opp mot framlegg til vedtak frå Johannes O Borge(H).

Innstilling frå Formannskapet vart vedteke med 15 røyster for og 9 røyster(Aksel Mjøs(H), Bjarte Hammer Aarland(Krf), Helge Valestrand Edvardsdal(Sp), Johannes O Borge(H), Kari Laurhammer Mjøs(U), Ragnar J. Tyssebotn(Frp), Roald Martinsen(H), Roy Husebø(Inp), Stian Torp(Frp)) for framlegg til vedtak frå Johannes O Borge(H)

Tilleggsforslag frå Bjarte Aarland(Krf) falt med 7 røyster(Bjarte Hammer Aarland(Krf), Kari Laurhammer Mjøs(U), Helge Valestrand Edvardsdal(Sp), V, Roald Martinsen(H). Sv, Inp)for og 17 røyster mot.

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 9/2026 Språkprofil - Osterøy kommune:

Språkprofilen for Osterøy vert ikkje godkjent slik han ligg føre.

Språkprofilen skal visa til eit skriftspråk som speglar ostringen sin talemåte, med til dømes -a-endingar (å lesa), me (ikkje vi, sjølv om det er ei valfri form), skule (sjølv om skole er ei valfri form) og -j- (å leggja, å byggja).

I tillegg skal det koma fram kor lang tid ein ser føre seg at det tek å innføra profilen, og korleis kommunedirektøren skal følgja opp bruken.

Planen vert difor sendt tilbake for omarbeiding og revidering. Formannskapet ber òg om at administrasjonen gjev Mållaget høve til å koma med uttale før saka kjem opp att i Formannskapet.

PS 10/26 Søknad om skjenke- og serveringsløyve - Eides kafe og handleri

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 10/2026 Søknad om skjenke- og serveringsløyve - Eides kafe og handleri:

Innstilling frå Levekårsutvalet 10.02.2026:

I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve serveringsløyve og allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Eides Kafe og handleri, Valestrandsfossen

Løyvehavar: Ida Urdal Mitchell, org.nr. 835 544 192

Styrar: Ida Urdal Mitchell, f. 22.07.1992

Avløyser: Nora Urdal Nesse, f. 28.05.2001

Type verksemd: Kafé, konditori, restaurant

Skjenketid alkohol i gruppe 1 og 2 (drikk mellom 4,7% til 22% alkoholinnhald) for inneområde og avskjerma uteområde:

Torsdagar: 11:00 – 16:00

Fredagar: 11:00 – 23:00

Laurdagar: 11:00 – 16:00

Sundagar: 12:00 – 15:00

Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk over 22% til 60% alkoholinnhald) for inneområde og avskjerma uteområde:

Torsdagar: 13:00 – 16:00

Fredagar: 13:00 – 23:00

Laurdagar: 13:00 – 16:00

Sundagar: 13:00 – 15:00

Løyveperiode: 19.02.2026 – 30.09.2027

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 10/2026 Søknad om skjenke- og serveringsløyve - Eides kafe og handleri:

I medhald av alkoholova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve serveringsløyve og allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Eides Kafe og handleri, Valestrandsfossen

Løyvehavar: Ida Urdal Mitchell, org.nr. 835 544 192

Styrar: Ida Urdal Mitchell, f. 22.07.1992

Avløysar: Nora Urdal Nesse, f. 28.05.2001

Type verksemd: Kafé, konditori, restaurant

Skjenketid alkohol i gruppe 1 og 2 (drikk mellom 4,7% til 22% alkoholinnhald) for inneområde og avskjerma uteområde:

Torsdagar: 11:00 – 16:00

Fredagar: 11:00 – 23:00

Laurdagar: 11:00 – 16:00

Sundagar: 12:00 – 15:00

Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk over 22% til 60% alkoholinnhald) for inneområde og avskjerma uteområde:

Torsdagar: 13:00 – 16:00

Fredagar: 13:00 – 23:00

Laurdagar: 13:00 – 16:00

Sundagar: 13:00 – 15:00

Løyveperiode: 19.02.2026 – 30.09.2027

PS 11/26 Alkoholsal i fjernbetent butikk

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 11/2026 Alkoholsal i fjernbetent butikk:

Saka vart trekt

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 11/2026 Alkoholsal i fjernbetent butikk:

Saka vart trekt

PS 12/26 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 12/2026 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar:

Innstilling frå Formannskapet 11.02.2026:

1. Osterøy kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane, Etne, Tysnes og Vindafjord.
2. Osterøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 12/2026 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar:

1. Osterøy kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane, Etne, Tysnes og Vindafjord.
2. Osterøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

PS 13/26 Suppleringsval av ungdomsråd for perioden 2026-2027

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 13/2026 Suppleringsval av ungdomsråd for perioden 2026-2027:

Innstiling frå Arbeidsutval for innstilling i valsaker valnemnd:

Sofie Aarland og Jakob Fylkesnes vart valde som varamedlemmer i ungdomsrådet.

Votering:

Innstiling frå Arbeidsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 13/2026 Suppleringsval av ungdomsråd for perioden 2026-2027:

Sofie Aarland og Jakob Fylkesnes vart valde som varamedlemmer i ungdomsrådet.

PS 14/26 Val av settemedlemmer i samband med permisjon

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 14/2026 Val av settemedlemmer i samband med permisjon:

Framlegg til vedtak frå Bjarte Hammer Aarland(Krf):

Varalista vert lagt til grunn, og alle medlemmar på varalista får opprykk ein plass.

Framlegg til vedtak frå Roy Husebø(Inp)

Nytt fast medlem til formannskapet Roy Husebø INP

Votering:

Framlegg til vedtak frå Bjarte Hammer Aarland(Krf) vart sett opp mot framlegg til vedtak frå Roy Husebø(Inp).

Framlegg til vedtak frå Bjarte Hammer Aarland(Krf) vart vedteke med 19 røyster for og 5 røyster(4Frp, Inp) for framlegg til vedtak frå Roy Husebø(Inp).

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 14/2026 Val av settemedlemmer i samband med permisjon:

Varalista vert lagt til grunn, og alle medlemmar på varalista får opprykk ein plass.

PS 15/26 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 15/2026 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Framlegg til vedtak frå Johannes O Borge(H):

SAK RONGVED

a. Frådeling av bustadhus og verkstad.

Det totale omsøkte arealet er 2,3 daa. I dette inngår 0,35 daa overflatedyrka areal. Dette arealet er bratt og lite egna til maskinell drift.

Dette er difor eit mindre tiltak som ikkje fører til ulempe for vidare drift av jordbrukseiendommen. (Saksbehandlar i kommunen sin eigen beskrivelse)

b. Sal av 41/1 til 41/3.

Eiendomsretten og råderetten over egen eiendom er ein av dei sterkaste rettane me har, og er verna gjennom grunnlovens § 105.

Riktignok finns det mange begrensninger og lovverk som grip inn i eiendoms-retten, men så lenge me følger lover og regler så har me full rett til å råde over egen eiendom. (Når det gjeld jordbrukseiendom er spesielt Jordlova viktig)

Det gjeld også kor tid me vil selje, og til kven me vil selje ein eigedom.

For eigedom 41/1 ynskjer eier å selje til eier av 41/3. Det er ikkje aktuelt å selje til andre.

Tilsaman vil 41/1 og 41/3 være eit drivverdig bruk og det kan utarbeidast ein god og framtidsretta driftsplan.

FORSLAG TIL VEDTAK.

Kommunen gjev samtykke til frådeling av tunparsell, og sal av resteigedomen til gbnr. 43/3 som tileggsareal slik det er søkt om.

Ny eigar må utarbeida ein felles driftsplan for 41/1 og 41/3 som oppfyller kravet om driveplikt.

Det skal røystast over om saka skal realitetsbehandlast i same møtet.

Votering:

Realitetsbehandling fekk 3 røsyter for(Ragnar Tyssebotn(Frp), Ruben Nilsen(Frp) og Ingunn Vedå(Frp)) og 21 røsyter mot. Dermed blir saka ikkje realitetsbehandla i møtet, men ført opp på saklista til neste møte.

Vedtak i Heradsstyret - 19.02.2026 av sak 15/2026 Andre
saker/spørsmål/interpellasjoner:

Rongved saka vart sett opp på saklista til neste møte.

